	Kviteeid kommune, eining for samfunnsutvikling og teknisk drift		
	Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)		
	Utgåve: 3	Utarbeid av: TGI	Godkjent av: OKG

KVITSEID KOMMUNE

Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø



Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)

Utgåve: 3

Utarbeid av: TGJ

Godkjent av: OKG

Dato: 01.03.2024

SHA-plan

Kviteseid kommune

Oppdrag: ENØK – Kviteseid omsorgssenter	Dato: 10.april 2024		
Kunde: Kviteseid kommune			
Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA-plan)			
Samandrag: Byggherrens SHA-plan er byggherrens styringsdokument for å sikre fokus på SHA i utbyggingsprosjekt. Byggherrens SHA-plan er utarbeidet i samsvar med Byggherreforskriftens § 7. Planen definerer: <ul style="list-style-type: none">• Prosjektets omfang og innhold.• Involverte parter med roller, oppgaver og ansvar.• Førebyggende tiltak.• Risikofylte forhold. Byggherrens SHA-plan skal være eit levande dokument både under planlegging og utføring. SHA koordinator er ansvarlig for oppretting og revisjon av dokumentet. Byggherrens SHA-plan skal distribuerast til alle involverte rådgjeverar og entreprenørar som byggherren har oppretta kontrakt med. Den enkelte kontraktpartner har ansvar for å vidareformidle planen til sine underentreprenørar.			
Rev.	Dato	Revisjonen gjelder	Sign.
Utarbeidet av:		Sign.:	



Innhald

1	MÅLSETTING OG HALDNING	1
1.1	Målsetting	1
1.2	Haldning.....	1
2	PROSJEKT- OG ANLEGGSKILDRING	2
2.1	Prosjektskildring	2
2.2	Anleggsskildring	2
2.2.1	Generelt.....	2
2.2.2	Entrepriseinndeling	2
3	ORGANISASJON.....	3
3.1	Byggherre	3
3.2	Rådgjevarar	3
3.3	Oppdragsgiverens organisering av SHA-arbeidet	3
3.4	Entrepriser	4
4	FRAMDRIFT	4
5	ANSVAR OG OPPGÅVER	4
5.1	Byggherrens representant	4
5.2	SHA-koordinator.....	4
5.2.1	Koordinator for prosjektering	4
5.2.2	Koordinator for utføring	4
5.3	Hovudbedrift.....	4
5.4	Entreprenørar og enkeltmannsføretak	5
5.5	Avvik frå SHA-plan.....	5
6	FØREBYGGANDE TILTAK – GENERELT	6
6.1	Brann- og førstehjelpsutstyr	6
6.2	Personleg verneutstyr	6
6.3	Sperringar, sperremateriell.....	6
6.4	Stillaser, stiger, fallsikring.....	6
6.5	Lagring og handtering av materiale.....	7
6.6	Kraner, løfteinnretningar og løftereiskap	7
6.7	Lagring og bruk av farlege stoffer, væsker og gassar	7
6.8	Sikringstiltak mot brann	7
6.9	Midlertidige elektriske anlegg	7
6.10	Oljefyrte varmeaggregat og dieselkompressorar	8
6.11	Rydding og reinhald.....	8
6.12	Vernerundar	8
6.13	Sikker Jobb Analyse, SJA.....	8
6.14	Skader, uhell, melding, granskning og rapportering	9
7	RISIKOFYLTE ARBEIDE – SPESIELT	10



Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)

Utgåve: 3

Utarbeid av: TGJ

Godkjent av: OKG

Dato: 01.03.2024

7.1	Arbeide nær hengande last.....	10
7.2	Varme arbeider.....	10
7.3	Arbeid med elektriske anlegg.....	11
7.4	Gravearbeider nær installasjonar i grunn	11
7.5	Graving generelt.....	11
7.6	Arbeider nær installasjonar i lufta.....	12
7.7	Allmenn ferdsel nær byggegrop, boregrop og grøfter	12
7.8	Sprengingsarbeid.....	12
7.9	Arbeid nær og på veg	12
7.10	Arbeid under vatn.....	13
7.11	Arbeid med motorsag.....	13
7.12	Arbeid som inneber brannskader	13
	Asfaltarbeid:.....	13
	• Fare for brann og /eller personskade	13
	Førebyggjande tiltak – spesielt:	13
	• Slokkeutstyr skal vera tilgjengeleg	13
	• Forsvarleg lagring av brennbare stoff	13
	• Sikkerheitskurs om naudsynt	13
	• Instruks for varmearbeid.....	13
7.13	Graving og anleggsarbeid i områder med ustabile grunnforhold.....	13
7.14	Arbeid i kum	14
7.15	Tiltak for unngå smittefare/fare for spreiding av virus	14
	Handlingsplan ved ulykke:	Feil! Bokmerke er ikke definert.



Fyrstemann på staden

- Iverksette nødvending fyrstehjelp
- Tilkalle nødvendig hjelp
- Tilkalle ambulanse/helsepersonell
- Sikre ulykkesstaden


Tilkalle hjelp

- Ambulanse 112
- Brann 113
- Politi 110
- Oppgi
 - Kven som ringer
 - Kva har skjedd
 - Kvar det har skjedd

Leing på skadestaden

- Ein person på skadestaden organiserar hjelpearbeidet til profesjonell hjelp kjem
- Pass på at nødvendig fyrstehjelp blir gitt
- Varsle politi og Arbeidstilsynet
- Beordre telefonvakt
- Varsle den skadde sin leiar
- Varse kommunen sin SHA-leiar

..... Feil! Bokmerke er ikke definert.

	Kviteseid kommune, eining for samfunnsutvikling og teknisk drift		
	Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)		
	Utgåve: 3	Utarbeid av: TGJ	Godkjent av: OKG

1 MÅLSETTING OG HALDNING

1.1 Målsetting

Målsetting for prosjektet er:

- Null skader ved bygge- og anleggsarbeid.
- Eit godt og sikkert arbeidsmiljø på anleggsplassen.

Målsetting med SHA-planen og vernearbeidet er å førebygge skader på personer og materiell, slik at prosjektet gjennomførast:

- Utan personskader i arbeidet.
- Utan tap av verdier.
- Utan tap av omdøme.

Prosjekterings- og planleggingsarbeidet skal bidra til:

- At byggearbeidet skal kunne gjennomførast utan unødvendige belastningar på menneske eller omgjevnadar.
- Å redusere mengda, samt ha miljøriktig handtering av avfall frå byggearbeida.
- At byggearbeidet planleggast med tanke på i størst mulig grad å unngå farlige og risikofylte arbeidsoperasjonar på byggeplassen.
- At der prosjekteringsgruppa ser mogelege farar for byggearbeidet skal tiltak føreslås og dokumentarast i dette dokumentet

1.2 Haldning

Aktørernes haldning skal være at:

- Alle skader kan ein unngå.
- Det er eit leiaransvar å forhindre skader.
- Vern, sikkerheit og godt arbeidsmiljø er like viktig som produksjon, marknadsføring og kostnader.
- Det er viktig å lære tilsette å arbeide sikkert.
- Manglar skal rettast snarast.
- Regler og avgjerder skal overhaldast for å hindre uhell.
- Vernerundar skal gjennomførast fordi tilsette sikkerheit skal tryggast.



2 PROSJEKT- OG ANLEGGSKILDRING

2.1 Prosjektskildring

Kviteseid kommune skal energieffektivisere Kviteseid omsorgssenter (KOS), Lundenvegen 30 3850 Kviteseid, gnr. 39 bnr.77. KOS er kommunens sjukeheim som blir bruka til pleietrengende pasientar. Rom og fellesareal for pasientar er i 1.etasje samt kontor og pauserom for tilsette. I kjellaretasjen er det kjøkken som lagar mat for pasientane, møterom, fysioterapi, vaskeri og kontor for heimetenesta.

For å senke kostnadane til oppvarming vil kommunen installere varmpumper for væske til vatn samt vassboren oppvarming. Varmtvatn til dusj/hushald skal koplast til det vassborne systemet.

2.2 Anleggsskildring

2.2.1 Generelt: Viser til konkurransegrunnlag

2.2.2 Entrepriseinndeling: Totalentreprise



3 ORGANISASJON

I prosjektet er det involvert følgende aktører med spesifiserte roller:

3.1 Byggherre

Funksjon	Utførende
Prosjektleder	Kviteseid kommune: Tarjei Gjelstad

3.2 Rådgiverar

Funksjon	Utførende
	Norconsult

3.3 Oppdragsgiverens organisering av SHA-arbeidet

Tarjei Gjelstad er SHA-koordinator for prosjektering og utføring av oppgaver som følger av Byggherreforskriftens ulike deler.

SHA-organisasjon:

Oppdragsgiver	Kviteseid kommune: v/kommunedirektør
Prosjektleder	Kviteseid kommune: TG
Koordinator for SHA i prosjekteringsfase	Kviteseid kommune: TG
Koordinator for SHA i arbeidet	Kviteseid kommune: TG



3.4 Entrepriser

Entreprise	Utførande
Totalentreprise	

Organisasjonsplan i samsvar med Bhf. § 8 er gitt i vedlegg 1.

4 FRAMDRIFT

Følgjande framdrift er planlagt:

Oppstart	
Ferdigstilling	

5 ANSVAR OG OPPGÅVER

5.1 Byggherrens representant

Byggherrens representant skal generelt ivareta byggherrens plikter i samsvar med Bhf. kapittel 2.

Byggherrens representant skal spesielt sørge for at:

- Byggherren oppnemner/peikar ut SHA-koordinator for prosjektering og utføring.
- Byggherren utarbeidar og reviderar SHA-plan.
- Mogelege risikoforhold avdekkast, og at risikoforhold som avdekkast i prosjekteringsfasa innarbeidast i entreprenør-kontraktane.
- Det blir sendt førehandsmelding til Arbeidstilsynet i samsvar med Bhf § 10.

5.2 SHA-koordinator

5.2.1 Koordinator for prosjektering

Koordinator skal generelt sørge for koordinering i prosjekteringsfasa i samsvar med Bhf. § 14, 1. ledd.

5.2.2 Koordinator for utføring

Koordinator skal generelt sørge for koordinering i utføringsfasa i samsvar med Bhf. § 14, 2. ledd.

5.3 Hovudbedrift



Hovudbedrifta skal samordne all verneteneste på byggeplassen i samsvar med Arbeidsmiljølovens § 2.2.

5.4 Entreprenørar og enkeltmannsføretak

Alle verksemdar som er engasjerte på byggeplassen skal lojalt følgje hovudbedriftas direktiv og delta i nødvendig planarbeid og møter for samordning av vernetenesta. I tillegg har alle som arbeider på byggeplassen eit sjølvstendig ansvar for å opptre proaktivt med omsyn til SHA-forhold. Dette inneber aktivt å etterspørje SHA-informasjon og snarast påpeike forhold på byggeplassen som ikkje er i samsvar til prosjektets SHA-plan.

Verksemdene skal:

- Velje verneombod for byggeplassen.
- Sørgje for at verneombod er gitt nødvendig opplæring – min. 40 timars HMS-kurs
- Sørgje for at nødvendig verneutstyr er på byggeplassen og passer på at alle tilsette brukar det.
- Utarbeide Sikker Jobb Analyse (SJA) for alle større eller spesielle/risikofylte arbeide.
- Aktivt praktisere eit system for Registrering av Uønska Hendingar (RUH) på byggeplassen.
- Vektlegge SHA ved all framdriftsplanlegging.

Sjølv om hovudbedrifta er ansvarleg for samordning av vernetenesta, har alle verksemdar på byggeplassen eit sjølvstendig ansvar for tryggleiken til eigne tilsette. Dei skal rette opp påviste feil og manglar. Ved skade eller tilløp til skade skal dei finne årsaken og fjerne denne.

Eit kvart brot på ein offentlig lov eller forskrift, eller prosjektets SHA-plan, er å sjå på som eit kontraktsbrot, og gje byggherren rett til å krevje retting eller utbetring frå entreprenørens side, evt. halde tilbake betaling.

Byggherren, ved sine representantar, kan også i slike tilfelle krevje stopp i arbeidet, med dei konsekvensane det kan få for framdrifta og krav frå andre entreprenørar.

Entreprenørane har ikkje rett til forlenging av fristen eller vederlagsjustering med bakgrunn i eget brot på offentlig lov eller forskrift, eller prosjektets SHA-plan. Entreprenøren vil bli halde økonomisk ansvarleg for alle konsekvensar av slike brot, det være seg krav om forlenging av frist eller vederlagsjustering frå andre entreprenørar, eller andre utgifter som måtte kome i tillegg.

5.5 Avvik frå SHA-plan

Når avvik oppdagast skal det utan opphald meldast til kommunens SHA-kordinator



skriftleg. Entreprenør skal registrere innmeldt/oppdaga avvik frå SHA-planen gjennom prosjektets (byggherrens) avvikssystem og fylgje opp at nødvendige tiltak blir gjort slik at avviket blir lukka.

6 FØREBYGGANDE TILTAK – GENERELT

6.1 Brann- og førstehjelpsutstyr

Hovudbedrifta skal sørge for at førstehjelps- og brannsløkkingsutstyr er tilgjengeleg på byggeplassen. Utstyret skal være lett tilgjengeleg og vist på riggplan. Alt personell på byggeplassen skal være orientert om plassering.

Brannsløkkingsutstyr skal være godkjent og underlagt egne kontrollrutinar.

6.2 Personleg verneutstyr

Skal omfatte:

- Flammehemmande arbeidstøy klasse 3.
- Hjelm med firma- og personnamn.
- Vernefottøy.
- Augevern for bruk ved boring, meisling, kutting og sliping samt for arbeid med fellingskjemikalier.
- Hanskar for bruk ved grovare arbeide.
- Fallsikringsutstyr for bruk ved arbeider i høgda.
- Hørselsvern for bruk ved boring, meisling, kutting og sliping.
- Identitetskort

6.3 Sperringar, sperremateriell

Det skal settas opp sperringar som hindrar tilkomst til områder der gjenstandar kan falle ned eller områder der personer kan falle utfor.

Utøvande entreprenør skal sørge for nødvendig avsperring og skilt før arbeid startar opp. Entreprenør skal sørge for at sperringane settast opp og at dei blir vedlikehalde så lenge arbeidet er i gang. Når alt arbeid er slutt skal entreprenør fjerne sperringane.

6.4 Stillaser, stiger, fallsikring

Mobile arbeidsplattformer skal være godkjent og mannskapet skal ha opplæring i bruk av plattformar (liftkurs).

Stiger skal være merket med Norsk Standard og ha sklisiske bein. Stigar skal festast



i øvre ende under bruk. Stiger skal ikkje nyttast ved utføring av arbeider - berre til tilkomst.

Godkjent og riktig fallsikring skal brukast i alle situasjonar der arbeidstakarane ikkje er beskytta av rekkverk.

6.5 Lagring og handtering av materiale

Det skal ikkje takast med meir materiell inn på anleggsområdet enn det som til kvar tid er nødvendig for å gjennomføre det løypande anleggsarbeidet.

Materiell som tas inn skal plasserast slik at det ikkje årsakar uakseptabel risiko og/eller er i vegen for andre. Det skal ikkje sperrast for brannposter, rømmingsvegar og vernemateriell.

Materialhandteringa (f.eks. løfting/heising) skal skje på ein trygg måte.

6.6 Kraner, løfteinnretningar og løftereiskap

Entreprenører som tar inn i anlegget løfteinnretningar og løftereiskap er ansvarleg for at desse er i samsvar med. "Forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav (forskrift om utførelse av arbeid)" (FOR 2011-12-06 nr. 1357), samt at arbeidstakarane har fått opplæring i bruken av arbeidsutstyret.

Entreprenøren skal bare nytte sertifiserte kraner, løfteinnretningar og –reiskap.

6.7 Lagring og bruk av farlege stoffer, væsker og gassar

Entreprenørar som nyttar farlege stoffer i anleggsperioden, skal kartlegge og dokumentere førekomsten av kjemikaliar, og vurdere risiko for arbeidstakaranes helse og sikkerheit forbundet med disse. Jfr. "Forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav (forskrift om utførelse av arbeid)" (FOR 2011-12-06 nr. 1357).

Restar av stoffer fjernast av den enkelte entreprenør etter avslutta arbeid.

Gassflasker skal lagrast ved utstyrscontainer. Gassflasker lagrast ståande og festast slik at de ikkje kan velte. Gassflasker merkast med gasstype og "fulle" evt. "tomme".

6.8 Sikringstiltak mot brann

Alle mulige tenkjelder skal vurderast/sikrast i forhold til brennbart materiale. Generelt skal anlegget/arbeidsområdet haldast mest mulig ryddig for brennbart materiell. Ved alt varmt arbeid som sveising, sliping, brenning o.l. skal faren for brann og skader vurderast. Alt varmt arbeid avsluttast minimum 1 time før anlegget/arbeidsområdet forlatast.

6.9 Midlertidige elektriske anlegg



Anleggsfordelingar skal være utstyrt med jordfeilbryter. Utlekking av kabel og leidningar skal være slik at dei er minst mogeleg utsett for mekaniske skader. Skøyteleidningar skal ikkje leggast slik at det er fare for snubling eller hinder i arbeidet.

6.10 Oljefyrte varmeaggregat og dieselkompressorar

Gjelder ved bruk på anleggsplassen.

Oppstilling:

Området framfor og omkring munningen av varmluftsrør ryddast for brennbart materiale i ein radius på minst 2 m.

Området rundt forbrenningseininga ryddast for brennbart materiale i ein radius på minst 1 m. Olje- eller dieselfat plasserast minst 3 m frå forbrenningseininga. Det skal ikkje lagrast ekstra oljefat i tillegg til det som skal brukast til fyring av eininga.

I tillegg skal det vera rydda bort brennbart materiale innafor det området som kan renne til sluk, dvs. der oljebasseng har mogelegheit for å bli danna. Eksosrøret skal ikkje kunne komme i berøring med brennbart materiell.

Minst 1 stk. 12 kg pulverbrannslukkingsapparat skal plasserast i nærleiken av forbrenningseininga - maks. 15 m og minimum 5 m avstand.

6.11 Rydding og reinhald

Anlegget skal haldast ryddig. Den eller dei som utfører arbeid skal sørge for at vedkommandes arbeidsplass til kvar tid blir halde tilfredsstillande rydda. Spesielt skal avfalls- og overskotsmateriell fjernast etter utført jobb, eller seinast ryddast bort daglig ved arbeidstidens slutt.

Før kvar vekeslutt skal entreprenørene ha ein hovudopprydding. Hovudbedrifta er ansvarleg for organisering. Om rydding ikkje utførast som avtalt kan, om nødvendig, SHA-koordinator rekvirere rydding på "avfallseigar" si rekning.

6.12 Vernerundar

Vernerunde skal gjennomførast minimum kvar veke.

6.13 Sikker Jobb Analyse, SJA

Det skal gjennomførast SJA for alle større eller spesielle/risikofylte arbeide.

SJA skal gjennomførast av utførande entreprenør. Andre aktuelle entreprenørar og driftspersonell skal delta. SJA skal godkjennast av byggeleiar (BL) eller prosjektleiar (PL) før arbeidet startar. Hovudbedrift skal ha kopi av og lagre alle SJA løypande.



6.14 Skader, uhell, melding, gransking og rapportering

Alle skader, personskader med fråvær, materielle skader og tilløp til skader eller uønskte hendingar (RUH) skal rapporterast til Hovudbedrift, BL og PL. Kva som har skjedd, årsak og tiltak skal bestemmast og tiltak settast i gang innan fristens utløp.

SHA-koordinator skal ha kopi av rapport og korrigerande tiltak skal følgjast opp under vernerundane.

6.15 Disiplinære tiltak

Ei kvar som ser at det skjer brot på verne- og sikkerheitsreglar har rett og plikt til å påtale forholdet. Eit særskilt ansvar pålegg dei som innehar leiande stillingar eller vernefunksjonar. Ved brot på sikkerheits- og vernereglane skal leierar eller personell med vernefunksjon notere namn og firma og kva brotet består i. Brot skal takast opp med eingong og seinast innan 2 dagar. Brot protokollerast på byggemøter i etterkant.

Hovudregelen er at det alltid skal reagerast når det skjer openbare brot på verne-/sikkerheitsreglane. Korleis det skal reagerast avheng av graden av alvor på brotet.

Ved alvorlege brot på gjeldande verne- og sikkerheitsreglar kan arbeidstakar bli nekta tilgjenge til byggherrens anleggsområde med augeblikkeleg verknad. Ved spesielt alvorlige tilfelle kan entreprenørens kontraktsforhold bli vurdere.



7 RISIKOFYLTE ARBEIDE – SPESIELT

Avdekking av risikofylte arbeidsoperasjoner, med fastsetting av førebyggende tiltak, skal være eit gjennomgåande tema i prosjektet.

Alle entreprenører skal gjennomføre SJA i samsvar med denne planen. Det skal gjennomførast SJA for alle større eller spesielle/risikofylte arbeide.

Alle arbeider skal skje i samsvar Arbeidstilsynets forskrifter sjølv om desse ikkje er nemnt særskilt i den etterfølgjande opplisting av risikofylte forhold.

På nåverande tidspunkt påpeikar byggherren følgjande risikofylte arbeidsoperasjoner:

7.1 Arbeide nær hengande last

Gjelder ved bruk av:

- Byggekran, gravemaskin og andre mobile løfteinnretningar.
- Midlertidige innvendige løfteanordningar.

Konsekvens ved avvik:

- Klemskade.
- Stropper/kjetting på hengande last kan ryke eller løysast ut.

Førebyggande tiltak:

- Kraner og løfteinnretningar skal være sertifisert i samsvar med pkt. 6.6.
- Hjelpeutstyr som taljer, stroppar mm. skal være sertifisert.
- Mellombelse løftepunkter skal være sikkerheitsvurdert.
- Bare bruk av sertifisert personell med stroppekurs.

7.2 Varme arbeider

Arbeidsoperasjoner:

- Kapping, skjering og sveising av stål og andre metaller.

Konsekvens ved avvik:

- Brannskade pga. gnistsprut.

Førebyggande tiltak:

- Sertifisert personell med "Varme arbeider-kurs".
- Personleg verneutstyr – hjelm, vernebriller, sveisemaske.
- Bruk av dekningsmatte, fjerning av brennbart materiale.
- Eigna brannslukkingsutstyr tilgjengelag på arbeidsstaden.
- Gassflasker lagrast ståande og sikrast mot fall.
- Varmt arbeid avsluttast minimum 1 time før anlegget/arbeidsstaden blir reist frå.



7.3 Arbeid med elektriske anlegg

Arbeidsoperasjon:

- Arbeid på eller nær ved samt drift av elektriske anlegg.

Konsekvens ved avvik:

- Helseskader som følgje av berøring av elektrisk anlegg.
- Skader på utstyr som følgje av berøring av elektrisk anlegg.

Førebyggande tiltak:

- Sjekke ut omfang av eksisterande kablar og luftspenn i området og halde seg til gjeldande reglar ved arbeid i nærleiken av desse.
- Vurdere bruk av sikkerheitsvakt.
- Bruke utstyr som avgrensar rekkevidda på gravemaskiner.
- Etterleve "Forskrift om sikkerhet ved arbeid i og drift av elektriske anlegg" (FOR 2006-04-28 nr. 458).

7.4 Gravearbeider nær installasjonar i grunn

Kjente installasjonar:

- VA-leidningar i grunn og kabelanlegg, både lågspenn og høgspenn.

Ukjente installasjonar:

- Kan være både høgspenn- og lågspennkablar i grunn som ein ikkje får kartlagt.

Konsekvens ved avvik:

- Røyrbrot/flom.
- Forureining av grunn.
- Skade på personer og utstyr.

Førebyggande tiltak:

- Påvising før graving.
- Graving med hjelpemann innanfor førehandsgitt sikkerheitsavstand.
- Bruke utstyr som avgrensar rekkevidda på gravemaskiner.

7.5 Graving generelt

Arbeidsoperasjon:

- Graving av grøfter eller groper.

Konsekvens ved avvik:

- Helseskader som fylgje av utrasing av graveskråningar.

Førebyggande tiltak:



- SJA for de ulike arbeidsoperasjoner
- Etterleve "Forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav" (FOR 2011-12-06 nr. 1357).

7.6 Arbeider nær installasjoner i lufta

Kjente installasjoner:

- Ingen

Konsekvens ved avvik:

- Personskade
- Skade på utstyr
- Straumstans

Førebyggande tiltak:

- Arbeid med sikkerhetsavstand
- Følgje prosedyrar for arbeid i nærleiken av høgspenning

7.7 Allmenn ferdsel nær byggegrop, boregrop og grøfter

Konsekvens ved hending:

- Fallskade

Førebyggande tiltak:

- Skilting og sperring i samsvar med pkt. 6.3.

7.8 Sprengingsarbeid

Arbeidsoperasjon

- Sprenging av grøfter og groper.

Konsekvens ved avvik:

- Menneskelege og materielle skader.


Førebyggande tiltak:

- SJA for de ulike arbeidsoperasjoner.
- Sprengings- og salveplan.
- Førebyggande tiltak/tildekking/varsling.

7.9 Arbeid nær og på veg

Arbeidsoperasjon:

- Graving langs veg.

	Kviteseid kommune, eining for samfunnsutvikling og teknisk drift		
	Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)		
	Utgåve: 3	Utarbeid av: TGI	Godkjent av: OKG

Førebyggande tiltak – spesielt:

- Skilting.
- Nedsett hastighet forbi anleggssted.

7.10 Arbeid under vatn

Arbeidsoperasjon:

- Legging av pumpeleidningar og vassleidningar som undervassleidning.

Førebyggande tiltak – spesielt:

- Følgje «Forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav».
- Markering i forhold til båttrafikk.
- Førebyggande rutinar for dykkararbeid.
- Alltid ha dykkarar i beredskap.

7.11 Arbeid med motorsag

Arbeidsoperasjon:

- Rydding/hogst av tre og kratt

Førebyggande tiltak-spesielt

- Følgje «Forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav».
- Bruke godkjent verneutstyr for motorkjedesag samt at motorsaga er i forskriftsmessig stand.
- Arbeidet skal utførast på ein sikker måte.

7.12 Arbeid som inneber brannskader

Asfaltarbeid:


- Fare for brann og /eller personskaade

Førebyggande tiltak – spesielt:

- Slokkeutstyr skal vera tilgjengeleg
- Forsvarleg lagring av brennbare stoff
- Sikkerheitskurs om naudsynt
- Instruks for varmearbeid

7.13 Graving og anleggsarbeid i områder med ustabile grunnforhold

Det er ut i frå reguleringsplanen og erfaringar og kjennskap med området avdekka at området kan bestå av ustabile masser. Graving i området kan medføre at grøftesider eller grøftebotn blir ustabile.

	Kviteseid kommune, eining for samfunnsutvikling og teknisk drift		
	Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)		
	Utgåve: 3	Utarbeid av: TGJ	Godkjent av: OKG
			Dato: 01.03.2024

Arbeidsoperasjon:

- Graving av grøfter
- Graving av veg

Førebyggjande tiltak – spesielt:

- Det skal brukast grøftekasser jf. Veileidar for grøftegraving (vedlegg)
- Ikkje grave djupare enn strengt tatt nødvendig (grøftehøgde 2m)
- Grave i tidsrom der grunnvasstanden er lågast.
- Ikkje utføre arbeid i periodar med mye nedbør eller i periodar med snøsmelting.

7.14 Arbeid i kum

Det er fare for metangass og oksygenmangel ved arbeid i eksisterande kum. Arbeid i kum skal alltid utførast med to personar.

Førebyggjande tiltak

- Personleg gassdetektor som alltid er på
- Vifte for å tilføre frisk luft

7.15 Tiltak for unngå smittefare/fare for spreing av virus

Det er viktig at entreprenør har gode rutinar for å hindre smitte blant sine tilsette og til Kviteseid generelt. Entreprenør må følgje nasjonale råd og forskrifter og vera oppdatert på kommunens eigne anbefalingar og råd. Kommunens heimeside er alltid oppdatert på lokale og nasjonale råd om smittefare og tiltak.

Førebyggjande tiltak:

- God avstand, minimum ein meter mellom tilsette og andre personar
- God handhygiene med vask og/eller bruk av handsprit
- Reingjering av utstyr som fleire brukar
- Besøk frå områder med stor smitte (raudt nivå) bør unngås



Kviteseid kommune, eining for samfunnsutvikling og teknisk drift

Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)

Utgåve: 3

Utarbeid av: TGJ

Godkjent av: OKG

Dato: 01.03.2024

Vedlegg

Organisasjonsplan

Kviteseid

Dokument er gjennomgått og forstått


Entreprenør

Kviteseid kommune



Vedlegg 1

1 Organisasjonsplan





Kviteseid kommune, eining for samfunnsutvikling og teknisk drift

Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)

Utgåve: 3

Utarbeid av: TGJ

Godkjent av: OKG

Dato: 01.03.2024



Kviteseid kommune, eining for samfunnsutvikling og teknisk drift


Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)

Utgåve: 3

Utarbeid av: TGJ

Godkjent av: OKG

Dato: 01.03.2024

	Kviteseid kommune, eining for samfunnsutvikling og teknisk drift		
	Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)		
	Utgåve: 3	Utarbeid av: TGJ	Godkjent av: OKG

ENTREPRENØRAR:



Kviteseid kommune, eining for samfunnsutvikling og teknisk drift

Byggherrens Plan for Sikkerhet, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)

Utgåve: 3

Utarbeid av: TGJ

Godkjent av: OKG

Dato: 01.03.2024